


# **ÅRSMELDING 2014**

## **Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane 6823 SANDANE**

Org.nr. 994 179 136

# 1. ORGANISERING OG STIFTINGA SINE OPPGÅVER

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følge av den statlege museumsreforma. (St.meld. nr. 22 (1999-2000)/Kjelder til kunnskap og oppleving). Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på kr.100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane: DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum. I 2012 vedtok styret i Musea i Sogn og Fjordane å ta inn Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter, med verknad f.o.m. 2013.



## Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det, i flg. stiftingsvedtektene, vere eit råd for det konsoliderte museet.

Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og kunstnarorganisasjonane (biletkunstnarane/kunsthandverkarane).

Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og eit styremedlem med personlege vara. Rådet vel tre medlemmer med personlege vara. To medlemmer med personlege vara, vert valde av dei tilsette. Etter rådsmøtet 28.05.2013, har styret vore samansett av:

### Valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Styremedlem:	<b>Harry M. Mowatt</b> , leiar	LEIRVIK I SOGN
Varamedlem:	Hilde Kvamsås Aa	EIKEFJORD
Styremedlem:	<b>Laura Kvamme</b> , nestleiar	FJÆRLAND
Varamedlem:	Erland Fagermoen	BALESTRAND

### Valde av rådet:

Styremedlem:	<b>Arild Hartman Eriksen</b>	DALE I SUNNFJORD
Varamedlem:	Vidar Grønnevik	FLORØ
Styremedlem:	<b>Olve Grotle</b>	FØRDE
Varamedlem:	Hege Lote	SANDANE
Styremedlem:	<b>Olin Johanne Henden</b>	SANDANE
Varamedlem:	Dag Vanberg	INNVIK

### Valde av dei tilsette:

Styremedlem:	<b>Asbjørn Tyssen</b>	FØRDE
Varamedlem:	Solveig Berg Lofnes	VASSENDEN
Styremedlem:	<b>Kristian Systad</b>	KAUPANGER
Varamedlem:	Anne L. Bakke	KALVÅG

### Styret

Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtalar elles. Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningsliner som er gjevne i tilsegnsbrev fra offentlege styresmakter. Det har vore handsama 40 styresaker i meldingsåret.

### Administrasjonen

Administrasjonen i Musea i Sogn og Fjordane er lokalisert ved Nordfjord Folkemuseum på Sandane. Fellesadministrasjonen har i meldingsåret hatt fire tilsette. I 2014 vedtok styret å opprette stilling innan marknadsføring. Stillinga er plassert i fellesadministrasjonen. I meldingsåret har arbeidet med å vidareutvikle organisasjonen, legge til rette for god leiing og økonomistyring, halde fram. I tillegg har ein arbeidd aktivt med fleire oppgåver:

- Endring i regional fordelingsnøkkel av samla driftstilskot mellom fylkeskommunen og kommunane
- Revidering av felles personal- og lønshandbok
- Plan for livsfasepolitikk
- Forvaltning, drift, vedlikehald og internkontroll/systematisk HMT
- Implementering av BHT og felles IA-avtale
- Iverksett mål og tiltak i Strategiplan 2011 – 2014
- Fellesmagasin for MiSF / Utbygging av Sunnfjord Museum
- Kaldmagasin for båtsamlingane i avdelingane i MiSF
- Betongskaden på Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum, avd. Anders Svor Museum
- Norsk Reiselivsmuseum
- Norsk Kvernsteinsenter og UNESCO-søknaden
- Vurderingar omkring nye driftseiningar

### Fellesmagasin for MiSF/Utbygging av Sunnfjord Museum

Musea i Sogn og Fjordane har store utfordringar i høve magasinkapasitet og det hemmar avdelingane i arbeidet med samlingsforvaltning. Skisseprosjektet "Kløften" (Bystrup Arkitekter og Designere) for fellesmagasin og utbygging av Sunnfjord Museum, vart i 2013 gjennomarbeidd for kostnadsreducerande tiltak med ei ramme på 220 mill. kr. (176 mill.kr. eks. mva.) På bakgrunn av den endra kostnadsramma ville ein i 2014 avklare om kommunane var villige til å vere med på å finansiere prosjektet. Regional finansiering må avklarast før det kan søkjast om statleg medfinansiering. Trass kostnadsreducerande tiltak i «Kløften», signaliserer fylkeskommunen at prosjektet er for ambisiøst i høve den økonomiske situasjonen fylkeskommunen no er komen i.

### **Sogn og Fjordane Kunstmuseum/Museumsbygget i Førde**

Også i 2014 har arbeidet i Sogn og Fjordane Kunstmuseum vore konsentrert om å få det nye museumsbygget i Førde til å stå fram som attraktivt og spennande nyetablering for publikum, både når det gjeld arkitektur og kunstnarleg innhald.

Museumsbygget får stadig positiv internasjonal omtale av både arkitektur og tekniske løysingar.

Ulike fagdelegasjonar både frå inn- og utland, er imponerte over det ein har fått til i Sogn og Fjordane med plassering av eit regionalt kunstmuseum i ein liten by som Førde.

For å få optimal drift, også for dei mindre einingane, er nybygget dimensjonert for fleire tilsette. Avdelinga har difor enno eit utviklingspotensiale før ein kan seie seg nøgd med nivå og fordeling av ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Det er ei forventning om at Sogn og Fjordane Kunstmuseum også kan ta hand om museumseiningane i kommunane Lærdal, Jølster og Hornindal på ein god måte. Arbeidet med å utvikle einingane kan med fordel intensiverast og gjerast meir målretta.

### **Sogn og Fjordane Kunstmuseum/Avd. Ander Svor Museum**

I samband med 150 års jubileet for Anders Svor (1864 - 1929), gjekk Hornindal kommune og MiSF/Sogn og Fjordane Kunstmuseum saman om ei felles jubileumsmarkering.

I budsjettet for 2014 hadde MiSF/Sogn og Fjordane Kunstmuseum sett av midlar til opprusting, rehabilitering og fornying av utstillingane på Anders Svor Museum.

Arbeidet omfatta ei rekkje sikrings- og energisparande tiltak i museumsbygget.

Utstillingslokala har fått ny fargesetting og ny belysning som framhevar skulptursamlinga på ein framifrå måte. Museet har også fått ei lita butikkavdeling med moderne ekspedisjonsskanke.

Tilbakemeldingane frå publikum har vore særdeles positive.

Det renoverte museet med nye utstillingar, opna dørene for publikum med eit større jubileumsarrangement 29. juni 2014. Den kommunalt oppnemnde jubileumsnemnda og frivillige stod for praktiske førebuingar og all servering under arrangementet. Over 300 gjester fekk oppleve strålande musikalske innslag som ramme rundt forfattar Edvard Hoem sin festtale og helsingar frå Hornindal kommune, fylkeskommunen og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Skulpturgruppa «Adam og Eva» som er finansiert av Anders Svor Museums Bronsefond, vart avduka i skulpturparken utanfor museet.

Boka "Anders Svor – Utvalde skulpturar", forfatta av avdelingsdirektør Morten Johan Svendsen, vart lansert både i norsk og engelsk utgåve i samband med opninga.

I dag står det vesle museet fram som eit attraktivt og moderne glyptotek. Kanskje eitt av dei finaste i landet....

### **Realisering av nytt museumsbygg for Norsk Reiselivsmuseum**

I Balestrand sentrum, vegg i vegg med Kviknes Hotel, er det nye bygget for Norsk Reiselivsmuseum i ferd med å bli klart for innflytting. Bygget på om lag 1800 m<sup>2</sup>, teikna av arkitektfirmaet Askim/Lantto Arkitekter AS, er fullfinansiert av staten, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Balestrand kommune. Bygget har ei kostnadsramme på rundt 90 mill. kroner. Etter planen skulle bygget stå ferdig for overlevering i 2014, men med krevjande byggtekniske utfordringar har det vore nødvendig å utsette utstillingsopninga til tidlegast sommar 2015. I 2014 har ein arbeidd vidare med å førebu utstillingar som skal monterast i det nye museet. Den samla utstillingsplanen er ambisiøs og lista er lagt høgt for eit utstillingskonsept som skal "kommunisere" med det arkitektoniske uttrykket i sjølve bygget.

## Norsk Kvernsteinsenter

Kvernsteinsparken er tusenårsstaden i Hyllestad kommune og er lagt til rette som visningscenter for kvernsteinshistoria i Hyllestad. Her finn ein eit freda produksjonslandskap, forma av aktiviteten som gjekk føre seg allereie i vikingtid, og frå ca. 950 vart produksjonen intensivert til eit industrielt nivå med masseproduksjon av kvernsteinar for ein større marknad.

Hausten 2010 vart Kvernsteinsbrota i Hyllestad nominert til UNESCO si verdsarvliste saman med andre «Viking Age Monuments and Sites in Northern Europe».

I september 2014 fekk kvernsteinsbrota i Hyllestad besøk av ein inspektør frå ICOMOS (rådgjevar-organisasjon for UNESCO) m.fl., for å sjå nærare på om tilhøva ligg til rette for at brota kan få verdsarvstatus. Den endelege avgjerda til UNESCO er venta sommaren 2015. Det er også sett i gong eit utviklingsprosjekt for kvernsteinsparken med tanke på å legge dei fysiske tilhøva betre til rette for besøkande og tilsette.

## Vurderingar omkring nye driftseiningar

Musea i Sogn og Fjordane har inngått intensjonsavtale med Stiftinga Måløyraidsenteret. I 2014 løyvde Forsvarsdepartementet 3,3 mill. kroner til investeringar for etablering av Måløyraidsenteret. Søknad om økonomisk støtte for 2014 vart også adressert til Sogn og Fjordane fylkeskommune som avlo søknaden på bakgrunn av store uløyste oppgåver innan museumssektoren i fylket og fylkeskommunen sin økonomi. Regional finansiering er ein føresetnad for statleg medverknad.

I statsbudsjettet pr. oktober 2014 var Nordisk Kunstnarsenter Dale foreslått konsolidert med Musea i Sogn og Fjordane. Kulturkomiteen hadde følgjande merknader til forslaget: «Komiteen er positive til et nærmere samarbeid mellom disse kunst- og kulturinstitusjonene, men foreslår at dette utredes nærmere før en formell overføring av statens tilskudd eventuelt finner sted.»

## 2. DRIFT

### Fordeling av offentlege driftstilskot

Offentleg tilskot til ordinær drift av Musea i Sogn og Fjordane i 2014, fordelte seg slik:

• Statstilskot	kr.	27 206 000	(59 %)
• Fylkestilskot	kr.	14 494 610	(31 %)
• Kommunetilskot	kr.	4 189 692	( 9 %)
Sum	kr.	45 890 302	

Staten er den største tilskotsytaren, og har lagt inn føresetnaden om at regionane skal dekke minst 40 % av det samla offentlege driftstilskotet.

I 2014 gjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtak om å endre sin prosentdel frå 31 til 25 i den regionale fordelingsnøkkelen av driftstilskotet. Fylkeskommunen sitt driftstilskot vert redusert med 3,1 mill. kroner fordelt over 3 år f.o.m. 2015.

Som ein konsekvens av dette, vert kommunane i fylket utfordra på å auke sin prosentdel frå 9 til 15. MiSF har hatt møter med alle regionråda i fylket og KS Sogn og Fjordane for å presentere finansieringsmodellar som kommunane må ta stilling til.

## Økonomi og drift

Framlagt rekneskap for 2014 syner eit årsresultat på kr. 3 362 685 som er avsett til eigenkapital. Likviditeten er god. Føresetnaden for framhald av drifta er til stades og dette er lagt til grunn i årsrekneskapen.

## Budsjett 2015

Styret har vedtatt eit budsjett for året 2015 i balanse og vil arbeide etter det.

## Arbeidsmiljø og likestilling

Det har ikkje vore registrert personskadar i 2014 og sjukefråveret var på 2,34 %.

Arbeidsmiljøet i stiftinga er tilfredsstillande.

I stiftinga har det i 2014 vore 49 fast tilsette. Av desse er 25 kvinner og 24 menn.

I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

## Ytre miljø

Stiftinga si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet i nemneverdig grad.


## Oppsummering

2014 har vore eit godt driftsår for Musea i Sogn og Fjordane. Styret vil her få nytte høve til å takke alle tilsette, eigarstyra i avdelingane, valde representantar i museets styrande organ, samt offentlege og private tilskotsytarar, samarbeidspartar, lag og organisasjonar og frivillige for godt utført arbeid og konstruktivt samarbeid, til beste for Musea i Sogn og Fjordane.

Sandane, 24. februar 2015



Harry Mowatt  
Styreleiar



Laura Kvamme  
Nestleiar



Olin Johanne Henden  
Styremedlem



Olve Grotle  
Styremedlem



Arild Hartmann Eriksen  
Styremedlem



Asbjørn Tyssen  
Styremedlem



Kristian Systad  
Styremedlem



Anne-Marie Førde  
Direktør

## Resultatrekneskap for 2014

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

	Note	2014	2013
Salsinntekt		2 187 045	2 221 996
Driftstilskot	4	45 890 302	43 921 986
Inntekter prosjekt	6	2 453 666	2 568 493
Annan driftsinntekt		1 014 698	1 202 016
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>51 545 711</b>	<b>49 914 491</b>
Varekostnad		-1 399 765	-487 011
Utstillingskostnader m.m		-1 913 281	-1 463 733
Lønskostnad	1,11	-29 623 343	-29 225 743
Avskr. varige driftsmidl./immaterielle eigendelar	2	-420 380	-516 649
Andre driftskostnader	1,8	-15 837 012	-14 783 146
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>-49 193 781</b>	<b>-46 476 282</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>2 351 930</b>	<b>3 438 209</b>
Inntekter på andre investeringar		0	47 177
Annan renteinntekt		978 746	593 877
Annan finansinntekt		44 539	19 930
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 023 285</b>	<b>660 984</b>
Annan rentekostnad		-7 748	-16 146
Annan finanskostnad		-4 782	-7 422
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>-12 530</b>	<b>-23 568</b>
<b>Netto finans</b>		<b>1 010 755</b>	<b>637 416</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>3 362 685</b>	<b>4 075 625</b>
<b>Overføringar</b>			
Overføringar til/frå annan eigenkapital		3 362 685	4 075 626
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>		<b>3 362 685</b>	<b>4 075 626</b>

## Balanse pr. 31. desember 2014

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

	Note	2014	2013
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Installasjonar NRM	2	308 000	0
Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	2	<u>1 070 100</u>	<u>1 153 300</u>
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<u><b>1 378 100</b></u>	<u><b>1 153 300</b></u>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		186 530	186 530
Andre fordringar	7	<u>933 331</u>	<u>1 049 998</u>
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<u><b>1 119 861</b></u>	<u><b>1 236 528</b></u>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<u><b>2 497 961</b></u>	<u><b>2 389 828</b></u>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer		<u>738 000</u>	<u>1 139 000</u>
<b>Sum varer</b>		<u><b>738 000</b></u>	<u><b>1 139 000</b></u>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		813 664	1 224 356
Andre fordringar	10	<u>1 291 288</u>	<u>2 718 069</u>
<b>Sum fordringar</b>		<u><b>2 104 953</b></u>	<u><b>3 942 425</b></u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	<u>30 019 618</u>	<u>24 046 013</u>
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<u><b>30 019 618</b></u>	<u><b>24 046 013</b></u>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<u><b>32 862 571</b></u>	<u><b>29 127 438</b></u>
<b>Sum egedelar</b>		<u><u><b>35 360 532</b></u></u>	<u><u><b>31 517 266</b></u></u>



## Balanse pr. 31. desember 2014


Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

	Note	2014	2013
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital	3	100 000	100 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		19 091 878	16 168 709
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>19 091 878</b>	<b>16 168 709</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	3	<b>19 191 878</b>	<b>16 268 709</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		1 926 386	3 207 933
Skyldige offentlege avgifter		2 005 181	2 028 162
Annan kortsiktig gjeld	9	3 631 479	5 563 841
Pågående prosjekt	6	8 605 609	4 448 621
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>16 168 655</b>	<b>15 248 557</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>16 168 655</b>	<b>15 248 557</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>35 360 532</b>	<b>31 517 266</b>

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane  
Sandane 24.02.2015

  
Harry Mowatt  
Styreleiar


  
Laura Kvamme  
Nestleiar


  
Olin Johanne Henden  
Styremedlem

  
Olve Grotle  
Styremedlem

  
Arild Hartmann Eriksen  
Styremedlem

  
Asbjørn Tyssen  
Styremedlem

  
Kristian Systad  
Styremedlem

  
Anne-Marie Førde  
Direktør

## **Notar til rekneskapen 2014**

### **Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane**

#### **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg for små føretak. Følgjande rekneskapsprinsipp er lagde til grunn:

#### **Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp**

Inntekter er resultatført når den er opptent. Utgifter samstillast og kostnadsførast samstundes med dei inntekter som utgiftene kan relaterast til.

Utgifter som ikkje kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei påløper.

#### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld.**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar.

Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar.

Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagde til grunn.

Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigåande.

Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Stiftinga eig ei kunstsamling som ikkje er balanseført.

#### **Konsolidering**

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14.01.2009, og har overtatt drifta av følgjande museum:

Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sunnfjord Museum

Nordfjord Folkemuseum

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

- Drifta av Norsk Kvernsteinsenter er overteken av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane frå 01.01.2013, og alle eigedelar og gjeld samt anna eigenkapital er frå same dato overført.

I 2010 blei Stiftinga Norsk Reiselivsmuseum registrert som fusjonert med Dei Heibergske Samlinger.

Etter avtalen mellom Dei Heibergske Samlinger og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane,

vart delar av verdiane overført til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Verdien er tilført eigenkapitalen pr. 01.01.2010 med kr. 493.170,-.

## Notar til rekneskapen 2014

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

#### Note 1 – Tilsette, godtgjersle, mv.

<b>Lønskostnad</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
Løn	23 286 915	22 642 567
Arbeidsgjevaravgift	2 935 767	2 928 213
Pensjon	2 776 271	3 237 395
Andre personalkostnader	624 390	417 568
<b>Sum</b>	<b>29 623 343</b>	<b>29 225 743</b>

<b>Antall årsverk</b>	<b>53</b>	<b>55</b>
-----------------------	-----------	-----------

Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova.

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn dagleg leiar	737 241	227 625
Andre ytingar	7 797	5 820
<b>Sum</b>	<b>745 038</b>	<b>233 445</b>

<b>Revisor</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
Revisjon	85 785	74 100
Andre revisjonsrelaterte tenestar	23 938	34 400

#### Note 2 – Anleggsmidlar

	<b>Installasjonar</b>	<b>Uteområde</b>	<b>Inventar</b>	<b>Sum</b>
	<b>NRM</b>	<b>SUM</b>	<b>utstyr</b>	
Innkjøpskost 01.01		79 337	3 268 383	3 347 720
Avgang i året				0
Tilgang i året	308 000		337 180	645 180
Innkjøpskost 31.12	308 000	79 337	3 605 563	3 992 900
Samla ordinære avskrivningar	0	79 337	2 535 463	2 614 800
Bokført verdi 31.12	308 000	0	1 070 100	1 378 100
Årets ordinære avskrivningar			420 380	420 380
Levetid		5 år	5 år	
Avskrivningsmetode		Lineær	Lineær	

## Notar til rekneskapen 2014

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

#### Note 3 – Spesifikasjon grunnkapital.

<b>Stiftarar</b>	<b>SUM</b>
Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000
Nordfjord Folkemuseum	10 000
Sunnfjord Museum	10 000
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	10 000
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	10 000
De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum	10 000
<b>SUM</b>	<b>100 000</b>

<b>Spesifikasjon egenkapital.</b>	<b>Grunn- kapital</b>	<b>Anna egenkapital</b>	<b>Sum egenkapital</b>
Eigenkapital 01.01	100 000	16 168 709	16 268 709
Eigenkapital overført til prosjekt 01.01		-439 516	-439 516
Årets resultat		3 362 685	3 362 685
<b>Eigenkapital 31.12</b>	<b>100 000</b>	<b>19 091 878</b>	<b>19 191 878</b>

#### Note 4 – Driftstilskot

	<b>2014</b>	<b>2013</b>
Statstilskot	27 206 000	25 886 000
Fylkestilskot	14 494 610	13 587 494
Kommunetilskot	4 189 692	4 448 492
<b>Sum:</b>	<b>45 890 302</b>	<b>43 921 986</b>

#### Note 5 – Bundne bankinnskot

Av innestående i bank er kr. 1.066.529,- bundne skattetrekksmidlar.

## Notar til rekneskapen 2014

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

#### Note 6 – Prosjekt i arbeid

Stiftelsen mottok årleg tilskot. Midlar gjeve til bestemte prosjekt blir avsett i rekneskapen og resultatført når dei vert brukt, eventuelt overskot/underskot vert belasta drifta og ikkje vist i nota.

Prosjektnamn	Prosj.nr.	Avd.	Saldo 01.01	Motteke	Brukt	Saldo 31.12
Foto Jølster		1	250 155			250 155
Båtmagasin felles	1315	1		235 390		235 390
Grunnlovsjubileum 200 år	1814	1	400 000	-60 000	317 817	22 183
<b>Sum avdeling 1</b>			<b>650 155</b>	<b>175 390</b>	<b>317 817</b>	<b>507 728</b>
Holvikejekta	2017	2		100 000		100 000
Vasskraftprosjekt	2013	2	52 839		52 839	0
Alarmanlegg	2016	2	68 000		68 000	0
<b>Sum avdeling 2</b>			<b>120 839</b>	<b>100 000</b>	<b>120 839</b>	<b>100 000</b>
Vamråk	3021	3	127 913			127 913
Lisetbua	3022	3	19 827			19 827
Ulvefalden (overført til prosj. 3465)	3040	3	12 614	-12 614		0
Langebua	3041	3	43 393			43 393
Holvik skule	3043	3	20 000			20 000
Betongskade KSF	3045	3	202 775	707 000		909 775
Høgskulelauget	3046	3	200 000		59 114	140 886
Kystøkologisk avd.	3048	3	21 982			21 982
Veg Brendøya	3300	3	303 204		57 857	245 347
NVE midlar	3450	3	10 000			10 000
Rep. ror Hugefisk	3463	3	-191 777	200 000	8 223	0
Vågsberget interiør	3464	3	25 168		7 638	17 530
Vågsberget hovudhus	3465	3	31 677	12 614	13 703	30 588
Sjøbua Vågsberget (del 2)	3466	3		500 000	403 330	96 670
<b>Sum avdeling 3</b>			<b>826 776</b>	<b>1 407 000</b>	<b>549 865</b>	<b>1 683 911</b>
Sikringsmidlar/ABM	1049	4				
Drifstilskot stat	4054	4	100 000			100 000
Tekstilkonservering	4055	4	27 265			27 265
Mostien	4057	4	59 517			59 517
Gåver kto. 2987		4	5 000			5 000
Fauskefondet	4058	4	9 747	35 000		44 747
<b>Sum avdeling 4</b>			<b>201 529</b>	<b>35 000</b>	<b>0</b>	<b>236 529</b>
Elvehaug	5917	5	223 509	53 400	21 883	255 026
Video båtbygging	5920	5	46 925			46 925
Bygg Reiselivsmuseum	5926	5	1 266 020	4 186 864	690 110	4 762 774
Fjordmuseum	5927	5	45 643			45 643
Kulturlandskap museum	5928	5	155 413	7 063	7 992	154 484
Naturfag glede/nytte	5933	5	22 401		1 110	21 291
Tidsakse	5936	5	8 692			8 692
Slusken fortel	5937	5	174 240			174 240
Norgesgården (overf. til 5928)	5938	5	7 063	-7 063		0
Digital reiselivshistorie	5940	5	62 762	200 000	131 220	131 542
Sikringsmidlar 2014 DHS	5942	5		46 500	46 500	0
<b>Sum Avdeling 5</b>			<b>2 012 668</b>	<b>4 486 764</b>	<b>898 815</b>	<b>5 600 617</b>
150-års jubileum Anders Svor	6063	6		262 500	262 500	0
<b>Sum avdeling 6</b>		<b>6</b>	<b>0</b>	<b>262 500</b>	<b>262 500</b>	<b>0</b>
Fjordkysten	7014	7		144 000	144 000	0
Geologien som verdiskapar	7016	7			159 831	-159 831
UNESCO	7013	7				0
Formidlingsprosjekt	7017	7	636 654			636 654
<b>Sum Avdeling 7</b>			<b>636 654</b>	<b>144 000</b>	<b>303 831</b>	<b>476 823</b>
<b>Sum totalt</b>			<b>4 448 621</b>	<b>6 610 654</b>	<b>2 453 667</b>	<b>8 605 608</b>

## Notar til rekneskapen 2014

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

#### Note 7 – Lån til Kvikne's Hotel AS

Stiftinga har ytt lån til Kvikne's Hotel AS den 14.02.2008 på kr. 1.750.000,-

Lånet skal nedbetalast over 15 år med ein rentesats på 3%p.a.

Det er ikkje stilt trygd for lånet. Restsaldo pr. 31.12.2014 er kr. 933.331,-.

#### Note 8 Andre driftskostnader

	2014	2013
Fraktkostnader	64 108	70 752
Kostnader lokal	5 208 036	3 875 696
Leige av driftsmidlar	642 899	604 970
Inventar, utstyr etc.	3 252 019	2 998 440
Reparasjon/vedlikehald	2 561 442	2 574 953
Revisjon, rekneskap, konsulent	1 041 391	1 478 210
Kontorkostnader	779 254	802 695
Bilkostnader	72 533	85 325
Reisekostnader	1 112 865	1 036 902
Marknadsføringskostnader	460 076	414 802
Andre driftskostnader	642 389	840 401
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>15 837 012</b>	<b>14 783 146</b>

#### Note 9 Annan kortsiktig gjeld

	2014	2013
Norsk Kvernsteinsenter	-	100 000
Påløpte feriepengar	2 526 361	2 611 094
Trekt fagforeiningskontingent	-	23065
Andre påløpte kostnader	1 025 785	2 664 148
Skuldig BHK avgift	57 786	62 430
Skuldig kunst i kommisjon	14 953	18 719
Gåvekort/kasse	6 594	7 154
Avsett til stipend kunstnarar	-	80 000
Vidarefakturerte kostnader prosjekt	-	-2 769
	<b>3 631 479</b>	<b>5 563 841</b>

#### Note 10 Andre fordringar

	2014	2013
Uteståande tilskot frå kommunar	249 140	1 805 000
Uteståande tilskot frå geologiprojektet	-48 811	438 495
Til gode meirverdiavgift	507 799	340 933
Forskotsbetalte kostnader	583 960	455 807
Andre postar	-800	116 329
	<b>1 291 288</b>	<b>3 156 564</b>

## Notar til rekneskapen 2014

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

#### Note 11 Pensjonsforsikringar

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstillar krava i denne lova. Stiftinga har ytelsesbasert pensjon for sine tilsette, som medfører ein framtidig forpliktelse. Denne forpliktelsen er ikkje balanseført i rekneskapen.

Tal personer som er med i ordninga	51
Årets betalte premie til pensjonsordninga	3 218 506

Vidare har selskapet gjennom ordninga i KLP opparbeidd eit premiefond:

Saldo 01.01.	325 755
Innbetalt i året	16 480
Avkastning i året	44 977
Overført frå gammal avtale	1 462 101
Brukt av fondet i driftsåret	<u>-1 541 316</u>
<b>Saldo 31.12.</b>	<b><u>307 997</u></b>

Til styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ REVISOR

## FRÅSEGN OM ÅRSREKNESKAPEN

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane som viser eit overskot på kr 3 362 685. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

### Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane per 31. desember 2014 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.



**UTSEGN OM ANDRE TILHØVE****Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og at framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

**Konklusjon om forvaltning**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Førde, 24. februar 2015  
Deloitte AS



Leif Kilnes  
statsautorisert revisor

## Avdelingsrekneskap for 2014

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

#### AVDELINGAR \*)

(1000 kr)

	1 ADM	2 NFM	3 KSF	4 SUM	5 DHS-SF	6 SFKM	7 NKS	Samla
<b>Drift inntekter/kostnader</b>								
Salsinntekt		162	166	329	861	625	45	2 188
Driftstilskot	6 040	5 282	6 989	4 543	11 171	9 775	2 132	45 932
Annan driftsinntekt	0	314	683	199	1 071	852	302	3 421
Sum driftsinntekter	6 040	5 758	7 838	5 071	13 103	11 252	2 479	51 541
Varekostnad	0	73	92	144	1 170	1 824	11	3 314
Driftsresultat	6 040	5 685	7 746	4 927	11 933	9 428	2 468	48 227
Lønskostnad	3 593	3 827	4 286	3 573	8 659	4 441	1 245	29 624
Avskr.driftm./imatr.eige	97	10	40	30	55	189	0	421
Andre driftskostnader	2 390	1 324	3 055	808	2 505	4 971	778	15 831
Sum driftskostnader	6 080	5 161	7 381	4 411	11 219	9 601	2 023	45 876
Driftsresultat	-40	524	365	516	714	-173	445	2 351
<b>Finans</b>								
Inntekter/kostnader								
Annan renteinntekt	1 023	0	0	0	0	0	0	1 023
Annan rentekostnad	4	1	2	0	1	2	1	11
Netto finans	1 019	-1	-2	0	-1	-2	-1	1 012
<b>Årsresultat</b>	<b>979</b>	<b>523</b>	<b>363</b>	<b>516</b>	<b>713</b>	<b>-175</b>	<b>444</b>	<b>3 363</b>

SAMLA DRIFTSRESULTAT DRIFTSAVDELINGANE (før netto finans)	2 391
RESULTAT FELLESADMINISTRASJON (før netto finans)	-40
Samla driftsresultat (før netto finans)	2 351
NETTO FINANS	1 012

#### \*) Avdelingar

1 Administrasjon, 2 Nordfjord Folkemuseum, 3 Kystmuseet i Sogn og Fjordane, 4 Sunnfjord Museum

5 De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum, 6 Sogn og Fjordane Kunstmuseum og 7 Norsk Kvernsteinsenter

## Budsjett for 2015 (mot resultat 2014)

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

	BUDSJETT 2015	(Resultat 2014)
Salsinntekt	3 805 125	2 187 045
Annan driftsinntekter, prosjekt m.m.	716 156	3 468 364
Driftstilskot	53 277 509	45 890 302
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>57 798 790</b>	<b>51 545 711</b>
Varekostnad	-1 126 682	-1 399 765
Utstillingskostnader m.m.	-2 017 754	-1 913 281
Lønskostnad	-31 635 895	-29 623 343
Avskr. varige driftsmidl./immaterielle eigendelar	-1 392 310	-420 380
Andre driftskostnader	-22 225 143	-15 837 012
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>-58 397 784</b>	<b>-49 193 781</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-598 994</b>	<b>2 351 930</b>
Annan renteinntekt	639 026	978 746
Annan finansinntekt	17 620	44 539
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>656 646</b>	<b>1 023 285</b>
Annan rentekostnad	-49 911	-7 748
Annan finanskostnad	-7 741	-4 782
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>-57 652</b>	<b>-12 530</b>
<b>Netto finans</b>	<b>598 994</b>	<b>1 010 755</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>0</b>	<b>3 362 685</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>0</b>	<b>3 362 685</b>

## FAGLEG AKTIVITET I MUSEUMSASVDELINGANE

Strategiplan 2010-2014 for Musea i Sogn og Fjordane, «*Innsikt i fortid – utsikt til framtid*», er styringsverktøyet som skal sikre målretta og effektiv drift av museet, både som organisasjon og på avdelingsnivå. Strategiplanen definerer museet sine roller og oppgåver på generell basis ut frå gjeldande nasjonale og internasjonale retningslinjer. Vidare definerer den mål, delmål og tiltak for ulike tema.

I Kulturdepartementets tilskotsbrev for 2014 blir musea m.a. utfordra på si samfunnsrolle.

*”Samfunnsrolla eller samfunnsoppdraget åt musea ligg i å utvikla og formidla kunnskap om korleis menneska forstår og samhandlar med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. --- Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortida og notida. Dette krev armlengds avstand til offentlege styremakter.”*

### Fornyng/samfunnsrolle og fleirkultur

Strategimål:

**Museet skal vere fagleg oppdatert og ha vilje og evne til å utvikle seg i takt med endringane i samfunnet.**

Musea i Sogn og Fjordane har som delmål å motivere til utvikling på alle nivå i museumsdrifta og spele ei aktiv samfunnsrolle. Avdelingane prøver nye måtar å nå ut til «nye» målgrupper, som t.d. å ta opp samfunnsaktuelle tema i lokalsamfunnet.

#### Fornyng

Sunnfjord Museum er inne i nye samarbeidsformer innafor det konsoliderte museet, m.a. på faglege område som forvaltning og formidling. Det er også inngått nye former for samarbeid med eksterne aktørar om faglege utfordringar og med nærområdet om formidling og bruk av samlinga og arrangement i friluftsmuseet. Eit døme er prosjektet og vandrestillinga «*Reisebrev*», eit samarbeid med brukskunstnaren Brynhild Slaatto. Det er søkt om midlar frå Norsk Kulturråd. I samarbeid med fylkeskommunen og Førde kommune har museet ei aktiv rolle i planlegginga av prosjektet «*Kultur, helse, pleie*» som skal gjennomførast i 2015. Kunstmuseet ønskjer å «fornye» utstillingsprofilen i ei meir internasjonal retning og har innleia samarbeid med nordiske land o.a. europeiske land, t.d. Frankrike. Gjennom sitt arbeid med fokus på miljø, kartlegging og evaluering av rutinar, vart Nordfjord Folkemuseum godkjent som Miljøfyrtårn i desember 2013. Nye rutinar vart utprøvd i 2014.

#### Samfunnsrolle og fleirkultur

Elles held museumsavdelingane fram arbeidet med å nå ut til ikkje-etniske nordmenn og ivareta den fleirkulturelle dimensjonen i verksemda. Nokre museum har jamn kontakt med norskopplæringa for framandspråklege i kommunane og dei statlege asylmottaka.

Som ein del av undervisninga i historie/samfunnsfag har såleis norskopplæringa i Sogndal faste besøksdagar på DHS – Sogn Folkemuseum.

Sunnfjord Museum har samarbeidd med eit mottakssenter om praktiske gjeremål og dette har gitt ein ny type interaksjon som vil bli ført vidare. Kystmuseet har som målsetting å ivareta rolla som museum, møtestad og kollektivt minne også for andre enn etniske nordmenn. Museet har også i 2014 hatt eit tett samarbeid med opplæringscenteret i Flora kommune og besøka på museet har også fungert som kunnskapsutveksling.

Kystmuseet er samarbeidspart i prosjektet «*Romanifolkets kulturminner i Sogn og Fjordane*» som er ei oppfølging og vidareføring av «*De reisende på Vestlandet*», i regi av Haugalandsmuseene.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum, har i fleire år hatt prosjektsamarbeid med Bergen Kunstmuseum og Firda Produkt. Prosjektet gjekk ut på å gi ein innvandrar kompetansegejevande opplæring i preventiv konservering. Kunstmuseet har hatt stort utbytte av dette prosjektet, og vedkommande er tilsett i eit engasjement som museumsteknikar i MiSF.

Innvandrarar i Førde får, som ein integrert del av opplæringa i norsk, omvising på Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Samarbeidet med asylmottaket i Førde er meir sporadisk.

### **Faglege museumsnettverk**

Hovudpremissane for museumsreforma byggjer på tre hovudpremissar:

- lokal forankring
- regional konsolidering
- nasjonal nettverksbygging.

Eit overordna mål er at alle musea som får statlege driftstilskot, skal inngå i eit nasjonalt nettverk som skal legge til rette for rasjonell arbeidsdeling og samordning, motverke konkurrerande overlapping og dermed sikre fagleg samanheng og god ressursutnytting.

DHS – Sogn Folkemuseum er ansvarleg for drifta av Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap, i nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Årleg samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap vart i 2014 lagt til Lillehammer-området med Lillehammer Museum/Maihaugen som vertsmuseum og samarbeidspartnar.

Musea i Sogn og Fjordane deltar i følgjande nasjonale nettverk:

- Nasjonalt museumsnettverk for fiskeri og kystkultur - Fiskerinetttverket
- Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap (DHS-SF er hovudansvarleg museum)
- Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design - Kunstnettverket
- Nasjonalt museumsnettverk for magasin og bevaring
- Nasjonalt museumsnettverk for museer og samtidshistorie - Samtidsnettverket

Andre nettverk/samarbeidspartar:

- Museumsforbundets seksjon for formidling
- Museumsforbundets seksjon for kunst
- Museumsforbundets seksjon for leiing
- Foreningen Norske Kunstsentre
- Nasjonalt nettverk for kvernsteinskommunane
- Klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurscenter (NFM har eplehage med gamle fruktsortar)
- Samarbeidsavtale med NVEs Museumsordning (NFM samarbeid. med NVE s Museumsordning)
- Partnerskapsavtale med Firda vgs og realfagsenteret – Newtonrommet (NFM)

Interne uformelle nettverk i MiSF:

- Formidlargruppa
- Forvaltningsgruppa
- Handverkargruppa
- Leiargruppa

MiSF og Valdresmusea er med i prosjektet *Kongevegen over Filefjell* som er eit interkommunalt samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Oppland fylkeskommunar og kommunane Lærdal og Vang. Statens vegvesen deltar også i dette prosjektet som har som mål å formidle den nasjonale ferdselshistoria over Filefjell.

## Forvaltning

Strategimål:

**Museet skal vere eit viktig samfunnsminne, gjennom systematisk å samle inn, bevare og gjere tilgjengeleg materielle og immaterielle minne for noverande og framtidige generasjonar**

Samlingsforvaltning er gitt høg prioritert i Musea i Sogn og Fjordane og er i tråd med statens føringar samt tilbakemeldingar, jf. kartleggingsprosjektet «Landsomfattande tilstandsregistrering av museumssamlingar», 1999-2007 . Det er viktig å tenke heilskap i samlingsforvaltning for å kunne få til gode prioriteringar i arbeidet. Eitt av tiltaka i strategiplanen er å utarbeide ein samla forvaltningsplan for MiSF. Den vil legge føringar for lokale samlingsplanar for kvar avdeling.

Musea i Sogn og Fjordane forvaltar over 120.000 gjenstandar, fordelt på kulturhistoriske, naturhistoriske og kunsthistoriske gjenstandar, 3 flytande farkostar, 140 båtar som ligg på land og 192 kulturhistoriske bygg med ei samla grunnflate på over 14.000 m<sup>2</sup>. 13 av bygningane som er plasserte på Sunnfjord Museum, DHS - Sogn Folkemuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane, er automatisk freda eller vedtaksfreda. Fotosamlinga har passert 61 000 fotografi.

### Samlingane / Tilvekst og avhending

Tre avdelingar melder at det i 2014 har det vore tilnærma inntakstopp.

Trass mange tilbod, har Nordfjord Folkemuseum, Sunnfjord Museum og Kystmuseet vore restriktive i høve inntak av gjenstandar, m.a. for å kunne prioritere katalogisering og fotografering av tidlegare etterslep. Registrering av restansar, ajourføring, fotografering og systematisert plassering har hatt høg prioritet, men restansane er store ved alle avdelingar. Sjølv om dette er oppgåver som ein må ha eit langsiktig perspektiv på, har avdelingane for knappe ressursar til å kunne utføre eit tidkrevjande arbeid innafor ønskjeleg tidsramme.

Ved DHS - Sogn Folkemuseum har museet si innsamlingsverksemd vore knytt opp til museet sin innsamlingsplan. I all hovudsak er dei nye gjenstandane som er tekne inn i meldingsåret, frå tida etter andre verdskrig, og dei er knytte opp mot hus, heim, interiør og kvardagsliv. I samband med oppbygginga av Norsk Reiselivsmuseum har det vore arbeidd systematisk med innsamling og registrering av reiserelaterte gjenstandar med fokus på reiseminne (suvenirar). Også DHS - Sogn Folkemuseum har store restansar på katalogisering. I meldingsåret har museet halde fram dette arbeidet og fotografering av tidlegare katalogisert materiale. Digitalisering av Gjert F. Heiberg sine katalogar heldt fram også i 2014 og katalogane til Heiberg er no ferdig registrerte.

På grunn av store byggtekniske skader på administrasjons- og publikumsbygg har Kystmuseet halde fram arbeidet med å flytte delar av gjenstandssamlinga ut av museumsområdet som ei midlertidig ordning, Kystmuseet har også ei stor samling av udekka fartøy og større fiskereiskap, og store delar av denne samlinga har i fleire år vore plassert på Ausa i eit notaheng frå 1950-talet, eigd av Flora kommune. I 2014 vart samlinga flytta til museumsområdet i Florø og plassert i ein rubbhall og mindre telt. Sjølve flytteprosessen frå notahenget som berre har tilkomst frå sjøen, var eit omstendeleg og ressurskrevjande prosjekt. Det vart bygt tilpassa krybbe til kvar enkelt båt som vart transportert med båt frå Ausa over til kai i Florø og vidare transportert med traktor til Kystmuseet. Musea i Sogn og Fjordane har starta arbeidet med å greie ut alternative løysingar for bygging av eit kaldlager med plass til alle båtane i den konsoliderte museumseininga. Båtmagasinet er tenkt plassert på museumsområdet til Kystmuseet. For nokre år sidan fekk Kystmuseet ei testamentarisk gåve som omfattar privat eigedom med fleire hus, innbu og ei større kunstsamling. Arbeidet med å skaffe seg oversikt over samlinga har halde fram i 2014. Kunstverka er sortert og fotografert og har fått betre lagringstilhøve. Eit areal ved sidan av atelieret, er sett i stand og tatt i bruk som permanent utstillingslokale. Arbeidet med registreringar i hagen og skjøtselsplan har halde fram i 2014.

I 2014 gjorde eigarstyret i Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane vedtak om å avhende bygningane i Kalvåg. I samråd med MiSF skal eigarstyret vurdere kva form for avhending ein ønskjer.

Interessentar frå næringslivet i Kalvåg ønskjer å ta over bygningane.

Sunnfjord Museum har også i 2014 brukt mykje ressursar på oppdatering av gamle registreringar slik at følgjene av dårlege lagringstilhøve kan dokumenterast. Så langt det er mogleg vert det gjort tiltak for å betre lagringstilhøva. I tillegg utfører museet målingar av klima og temperatur kvar veke i alle lagerrom. I dei antikvariske bygningane med mange høgt vurderte gjenstandar, viser målingane urovekkande høg RH-verdi i vinterhalvåret. Dette er nok også situasjonen for fleire avdelingar. Supplering representerer i hovudsak handverk som gjev ny innsikt i teknikk og/eller funksjon, dessutan gjenstandar som er viktige i formidlinga av siste halvdel av det 20. hundreåret. Museet må også nøye vurdere tilveksten ut frå plassmangel. Sunnfjord Museum er kjent for ei stor og svært bra eldre tekstilsamling. Det er starta opp eit større arbeid med denne tekstilsamlinga der det inngår nyregistrering, fotografering, gjennomgang/innhenting av relevant litteratur og referansar. Målet er å få eit totalbilette av dei eldste tekstilane, også med tanke på krav til pakking og oppbevaring. Alt som gjeld dåpsklede er ferdig m/rapport, medan arbeidet med vaksenklede, som er eit mykje større materiale, held fram i 2015. Det er komme mykje ny kunnskap ut av "djupdykket" i tekstilsamlinga. Nordfjord Folkemuseum arbeider etter ein innsamlingsplan som på sikt skal reviderast. Museet har sett inn ein ekstra personalressurs i halv stilling for å rette opp og ajourføre tidlegare registreringar. Arbeidet har halde fram i 2014 og personalressursen er ført vidare. Norsk Kvernsteinsenter har ikkje eiga gjenstandssamling, men deponerer to skipslastar med kvernstein og stablepinnar i stein som stammar frå forlis. Bergens Sjøfartsmuseum har forvaltningsansvaret. Innsamlings- og innkjøpsarbeidet ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum vert utført av kunstfagleg råd. I 2014 vart det ikkje gjort vedtak om kjøp av kunstverk. Kunstmuseet mottar også gåver som vert innlemma i kunstsamlinga. Ein gjennomgang av samlinga i Anders Svor Museum syner at talet på gjenstandar i museet er langt større enn ein tidlegare hadde kunnskap om. All aksjon er i samsvar med planar for innsamling, noko som også samsvarer med balansen mellom tilvekst og innsamlingsplanar for kunstmusea generelt elles i landet.

Avhending har vore lite drøfta i det norske museumsmiljøet, m.a. fordi det ikkje har vore akseptert som eit fagleg grep i samlingsforvaltninga. Med utgangspunkt i båtsamlinga i MiSF, har 4 avdelingar (DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum og Sunnfjord Museum) deltatt og arbeidd med eit utprøvningsprosjekt i tilknytning til det nasjonale prosjektet; «*Prioritering og avhending: retningslinjer og metode*». Prosjektet er initiert av Bymuseet i Bergen i samarbeid med Oslo Museum og Randsfjordmuseene AS.

### **Bevaring og konservering**

Det er ingen tilsette i MiSF som har formell kompetanse innan konservering, men musea har over tid tileigna seg god realkompetanse i preventiv konservering. Kunstmuseet har i 2014 halde fram arbeidet med reparasjon av kunstverk, men framleis står det att mykje konserveringsarbeid innan fleire materialtypar i museet. Kjøp av ekstern konserveringstenester frå etablerte faginstusjonar, er elles i tråd med strategiplanen og sentrale føringar.

### **Sikring**

Fire museumsavdelingar hadde i 2014 sikringsplanar. NFM arbeidde vidare med sikringsplanen i 2014. Alle sikringsplanar skal leggst inn i eit nettbasert styringsprogram for oppfølging av internkontroll, før godkjenning. Sikringstilhøva for musea sine gjenstandssamlingar varierer frå gode og sikra i nærmagasinet, for dei avdelingane som har det, til lite tilfredsstillande tilhøve for samlingar som må plasserast i dei kulturhistoriske husa.

Med unntak av ei avdeling, er det er montert alarmanlegg i alle administrasjons- og utstillingsbygg.

### **Digitalisering**

Arbeidet med å konvertere gamle manuelle gjenstandskatalogar inn i den digitale gjenstands-basen, har halde fram på DHS-Sogn Folkemuseum. Museet sin digitale bokkatalog er også tilgjengeleg på internett. Dei digitale gjenstandskatalogane er elles tilgjengeleg på internett via Digitalt Museum.

Målet er at alle samlingsdata i musea etter kvart skal publiserast på denne nettstaden. Fotosamlingar som er digitaliserte, vart lagt ut på felles fotobase for Sogn og Fjordane også i 2014.

### **Kulturhistoriske bygningar**

Musea er sentrale aktørar innan bygningsvern. Gjennom året har avdelingane utført vedlikehaldsarbeid på fleire kulturhistoriske bygg og anlegg.

Sunnfjord Museum melder at bygningar i friluftsmuseet vert haldne godt ved like og situasjonen for denne delen av drifta er ikkje dramatisk. Attåt årleg ettersyn, reparasjonar og målingsarbeid, vart vestveggen på Østenstadstova (dat 1500) restaurert med delvis nye opplenger og langtidstørka alkledning av gammal skog. Sersjantløa er bygd på leirgrunn og det er stadfesta at ho sig. Det er gjennomførte nøyaktige målingar, og i perioden mai-desember var det ikkje teikn på endring. Kystmuseet har store kostnads- og ressurskrevjande vedlikehaldsoppgåver på dei kulturhistoriske bygningane som er lokalisert i fleire kommunar i regionen, men dei har også store utfordringar når det gjeld vedlikehald på driftsbygningar og fartøy. I 2014 har både faste tilsette og innleigd handverkarressurs arbeidd vidare med Jensenbua på museumsområdet i Florø.

På Jotun, kunstnarheimen til Bjørn Hegrans, har museet utført naudsynt vedlikehald på bygningane. Med midlar frå Riksantikvaren er det sett i gong eit større restaureringsprosjekt av sjøbua på den freda handelsstaden Vågsberget i Vågsøy kommune.

Nordfjord Folkemuseum har tematisk ansvar for vasskraft i fylket og i meldingsåret har ein halde fram arbeidet med å førebu tomte for oppsetting av ei framtidig oppgangssag. Gjennom året er det utført målingsarbeid og reparasjonar av vindauge i husa på friluftsområdet. På *Tystadstabburet* vart det mot nord lagt nytt undertak og torv. *Sydnesshuset, fargeriet og skulestova* frå Austrheim vart grundig vaska p.g.a. soppangrep. Alle glasa på *Kandalsmatstova* vart reparert og kitta opp igjen.

DHS – Sogn Folkemuseum avslutta alt utvendig arbeid på *Prestegarden* frå Vik. Alle vindauga er kitta opp igjen og både vindauge og veggjar er måla. Innvendig er det utført arbeid på loftet.

I høve 1814-jubileet vart *lysthuset* frå Alværa, som har tilhøyrt Eidsvold-mannen Ole Elias Holch, sett opp i utkanten av prestegardshagen. Lysthuset er restaurert innvendig og måla.

Med utgangspunkt i Astruptunet har Musea i Sogn og Fjordane tatt initiativ til å prøve ut eit samarbeidsprosjekt på tvers av avdelingsstrukturen. Prosjektet blei gjennomført i nær dialog og samarbeid med eigarkommunen Jølster, og delar av prosjektet vart vidareført i 2014.

Sparebankstiftelsen DNB har over tid hatt eit ønskje om å gjere Nicolai Astrup sin kunst betre kjend utanfor landegrensene, og i 2016 vert dette ein realitet. I samband med kunstprosjektet har Sparebankstiftelsen også tatt initiativ til å få dokumentert hagen og kulturlandskapet i Astruptunet. Dette er også i tråd med Sogn og Fjordane Kunstmuseum sin utviklingsplan for Astruptunet der det er nedfelt at det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for husa og ein skjøtselsplan for hagen og kulturlandskapet.

Dei kulturhistoriske bygningane er eit godt utgangspunkt for informasjon om byggeskikk og handverkstradisjonar, handlingsboren kunnskap, bruk og oppleving. Vedlikehald og drift av dei kulturhistoriske bygningane er kostnads-krevjande og kan sprengje driftsbudsjetta. Det er difor viktig at musea tenkjer langsiktig, utarbeider vedlikehaldsplanar og set av midlar til vedlikehald i langtidsbudsjettet. Denne strategien har vist seg å gi resultat med tanke på å kunne gjennomføre større og kostnads-krevjande vedlikehalds- og restaureringsprosjekt.

### **Forsking og kunnskapsutvikling**

Strategimål:

**Skape betre fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling gjennom forking og kunnskapsutvikling.**

I strategiplanen er forking vurdert som ein viktig del av Musea i Sogn og Fjordane sine faglege arbeidsområder. Forsking og kunnskapsutvikling ved musea er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling og skal sikrast gjennom auka forkingssamarbeid, både i



museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljøa. Ikkje alle avdelingar har egne forskingsprosjekt, men deltar i samarbeidsprosjekt med andre museum og nettverk. DHS – Sogn Folkemuseum har eit nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. På bakgrunn av eit tidkrevjande utstillingsprosjekt til Grunnlovsjubileet 1814, har avdelinga ikkje hatt kapasitet til å sette i gong nye forskingsprosjekt. Musea i MiSF gir ut årbøker og/eller andre publikasjonar. Sogn og Fjordane Kunstmuseum held fram med generell forskning i eiga samling og den regionale kunsthistoria.

Av særlege forskingsprosjekt som kunstmuseet har arbeidd med i 2014, vil museet trekke fram: «Knut Rumohr- TEMPERAment» (Måleri 1948 – 1998) – Forfattar Ingrid Norum og «Anders Svor – Utvalde skulpturar» – Forfattar Morten Johan Svendsen. Begge bøkene er publisert i museets skriftserie «MYNDIR» 2014, Forlaget Skald.

## Formidling

Strategimål:

**Alle avdelingane i museet skal vere gode møteplassar, formidle kunnskap og gje spennande opplevingar til publikum og brukarar i alle aldrar.**

Musea skal gje både kunnskap og oppleving og vere tilgjengelege for alle. Det er gjennom formidlinga at musea er mest synlege i gjennomføring av samfunnsoppgåvene sine.

I kulturdepartementets tilskotsbrev for 2014 blir musea m.a. utfordra på si samfunnsrolle.

*”Samfunnsoppdraget åt musea ligg i å utvikla og formidla kunnskap om korleis menneska forstår og samhandlar med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. --- Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortida og notida. Dette krev armlengds avstand til offentlege styremakter.”*

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har hatt sine faste formidlingstilbod til skular med sildeflekking, båtar og leik, mat i gamle dagar og oljeutvinninga i Nordsjøen. Museet har nytta autolinebåten *Haugefisk* aktivt i formidlinga, m.a. gjennom den kommunale DKS. Fiskeridirektoratet har gitt løyve til at *Haugefisk* kan nyttast til sports- og rekreasjonsfiske etter havressurslova, og båten har fått tildelt ”fritidsfiske-kvot”. Sommaren 2014 deltok Kystmuseet i ”*Opplev Bremanger*” med utstilling av fotografi av Robert A. Robinson om bord.

Sunnfjord Museum har utvikla eit tre-årig samarbeids-prosjekt med Sunde Oppvekstsenter. Kvar veke har 7. klassingar 6 timar knytt til immaterielle kulturytringar og utøving av handlingsboren kunnskap der forståing av føresetnader og prosessar er viktige faktorar. Det blir lagt stor vekt på referansar i nærmiljøet, både menneskelege og i kulturlandskapet. Prosjektet er ressurs-krevjande, men evaluering syner at både skulen og museet opplevde dette som meiningsfullt. Ei målsetting var å utvikle ein samarbeidsmodell som gjer det mogleg for andre skular å gå inn i liknande satsingar. Prosjektet vart omtala i ein lengre artikkel i Norsk Husflid i 2014. Museet arrangerte også *Kortreist vinter- og haustferie*. Aktivitetsdagane er eit populært tilbod for dei som ikkje reiser vekk i vinterferien.

Nordfjord Folkemuseum har utvikla utreiseprogram til skular i regionen i tillegg til gode og varierande formidlingsopplegg i museet. I meldingsåret har formidlar i museet reist ut til Nordfjord-kommunar med vandreutstillinga: “*Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane*” (Produsert i 2013 i høve Stemmerettsjubileet). Også Nordfjord Folkemuseum hadde aktivitetstilbod i haust- og vinterferien, spesielt lagt til rette for familiar med born på ulike alderstrinn. Museet er involvert i fleire faste årlege arrangement i samarbeid med andre, som t.d. *Gloppen musikkfest*, *Kulturnatt i Nordfjord* og *Matamål*. For andre gong arrangerte museet *Julemarknad*. Marknaden var særdeles vellukka og vil truleg bli eit fast førjulsarrangement på museet.

DHS-Sogn Folkemuseum har eit fast pedagogisk tilbod som spenner frå barnehage via grunnskule og vidaregåande skule til høgskulenivå. Museet har utarbeidd eit breitt sett med skuleopplegg som er tilpassa læreplanane. Det er lagt vekt på at opplegga skal ha høg kvalitet. Museet melder at talet på studentar og vaksne elevar som nyttar dei pedagogiske tilboda, har auka. DHS-Sogn Folkemuseum legg og vekt på å utvikle godt samarbeid med lag og organisasjonar i regionen.

I tilknytning til utstillinga for markering av Grunnlovsjubileet, har museet utarbeidd eit eige pedagogisk opplegg for barnehagen og småskulen: «*Eventyret om 1814*», kombinert med leik og dyr på friluftsmuseet. I sommarhalvåret arrangerer museet «*Museumsonsdagar*» der dei besøkande kan oppleve og prøve seg på tradisjonelt handverk, gardsarbeid o.a. aktivitetar. I kafeen kan dei besøkande kjøpe kortreist tradisjonsmiddag, servert av lokale gjestekokkar.

Norsk Kvernsteinsenter heldt fram med prosjektet «*Geologien som verdiskapar*» (2012 – 2014) som er finansiert av HAFS Regionråd, "HAFS-kommunane" og Norges Geologiske Undersøkelse (NGU). Målet er å formidle regionens geologi til lokalbefolkninga og turistar. Dette skjer m.a. gjennom ulike geologiløyper og informasjonstavler. Prosjektet skal avsluttast våren 2015.

Kvernsteinsenter har også vidareført samarbeidet med Hyllestad skule om formidlingsopplegget i kvernsteinparken. Frå skuleåret 2014/2015 vart opplæringa om lokalhistorie og tradisjonelt handverk omgjort til valfag i skolen slik at deltaking er frivillig. Det vert opplevd som ei uheldig utvikling og betyr at ikkje alle elevar i Hyllestad lenger får med seg kvernsteinshistoria. Norsk Kvernsteinsenter jobbar for at dette bør bli endra.

*Hyllestadseminaret* er blitt eit årleg arrangement for Norsk Kvernsteinsenter i samarbeid med Folkeakademiet Hyllestad og Kvernsteinslauget, og samlar deltakarar frå heile landet. Seminaret i 2014 hadde tittelen "Med kulturarv i bagasjen" og hadde fokus på *verdiskaping, eksperimentell arkeologi og marine kvernsteinfunn*. Gjennom året har musea i fylket fleire arrangement med ulikt innhald for ei breiare målgruppe, for på denne måten å nå ut til lokalsamfunnet. Også fagtematiske samlingar i seminarform, har vore gjennomført med relativt god oppslutning.

## Utstillingar

Talet på vandretstillingar og temporære utstillingar har auka. Dei er rimelegare og mindre tidkrevjande å produsere, i motsetnad til å etablere nye basisutstillingar. Det har også vist seg å vere ei utfordring å finansiere produksjon av viktige basisutstillingar.

DHS-Sogn Folkemuseum har varierte tema i basisutstillingane. Hovudsatsinga i 2014 har vore jubileumsutstillinga «*Det utrulege året, sett frå Sogn*» i samband med Grunnlovsjubileet. På familiedagen i september opna museet *Lysthuset frå Alværa*, møblert i «høveleg stil». Opninga var også ein del av jubileumsmarkeringa. Kystmuseet har også varierte tema i sine basisutstillingar. Sommaren 2014 deltok dei i "*Opplev Bremanger*" med utstilling av fotografi av Robert A. Robinson om bord.

Nordfjord Folkemuseum har vist fleire utstillingar gjennom året., men også her var hovudsatsinga utstillinga «*Kunnskap og demonkrati*» i høve Grunnlovsjubileet 1814. Museet har og eit utreiseprogram der m.a. vandretstillingar vert vist på forskjellige stader i Nordfjord. I 2014 heldt museet fram med å vise vandretstillinga «*Kvinnestemmer får Sogn og Fjordane*», produsert i 2013 i høve Stemmerettsjubileet/Røysterett for kvinner 1913 - 2013.

Rammevilkåra er utfordrande for utstillingar ved Sunnfjord Museum og dette avgrensar tilbodet. Trass liten plass, har museet vist stor kreativitet for å løyse utfordringane m.o.t. produksjon og visning av utstillingar. I 2014 vart ressursane brukt til jubileumsutstillinga "*Kle skapar folk! Drakta som nasjonal og lokal forteljar*", i høve Grunnlovsjubileet. På den eine sida viser utstillinga tekstilt handverk gjennom 250 år, og på den andre sida korleis samfunnsmessige straumar, som t.d. pietisme og nasjonalromantikk gir seg utslag i klesskikken.

I tillegg til dei faste utstillingane i Sogn og Fjordane Kunstmuseum, viste museet gjennom året fleire skiftande utstillingar, som t.d. video- og filmkunst:

"*Fall*" – Lillian Samdal, "*Raster II*" – Arne Bakke og "*Brevet frå Odessa*" – Anne Lise Stenseth.

Eikaasgalleriet presenterte ei ny montering av kunstsamlinga basert på erfaringane frå 2010 og 2011. Saman med dokumentarisk materiale og bilde frå kunstnaren Ludvig Eikaas sitt liv, gir utstillinga

”Ludvig Eikaas - Liv og virke”, eit konsentrert og samla innblikk i eit mangslunge og allsidig kunstnarskap. Sogn Kunstsenter presenterte utstillinga ”TEMPERament – Knut Rumohr – måleri 1948-1998”.

I høve 150 års jubileet til Anders Svor, vart både museumslokala totalrenovert og utstillingane bygt om til jubileumsmarkeringa i juni 2014.

### **Immateriell kulturarv**

Dei kulturhistoriske musea i MiSF legg vekt på den immaterielle kulturarven og formidlar handlingsboren kunnskap gjennom deltaking. I Museumsplan for Sogn og Fjordane (2006-2010), vart Sunnfjord Museum peika ut til å ha eit særleg ansvar for handlingsboren kunnskap og immateriell kulturytring. Museet fokuserer på immateriell kulturarv i alle delar av arbeidet.

I 2014 har det vore særleg fokus på tradering av kunnskap og teknikkar i tekstilfag.

NRK Sogn og Fjordane nyttar ofte tilsette i museet som informantar i sine lokalsendingar om forskjellige tradisjonsemne. Sunnfjord Museum har også gjennomført kurs i grindbygg med fleire ”lærlingar” og studentar for instruksjon og halde fleire eksterne foredrag og førelesingar.

DHS-Sogn Folkemuseum arrangerte slåttedag med formidling av tradisjonelle arbeidsteknikkar.

Museet dokumenterer også arbeidsteknikkar ved video-opptak.

### **Universell utforming**

Med unntak av Kunstmuseet, er det ingen avdelingar i MiSF som fyller krava til universell utforming etter forskriftene. Dei kulturhistoriske avdelingane har store utfordringar med å tilpasse friluftsavdelinga og legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne, men avdelingane melder at dei legg til rette så langt råd er. Ingen av museumsavdelingane har teksta med blindeskrift, og berre ei avdeling har teleslynge. MiSF praktiserer ordninga med følgjekort.

I september 2014 arrangerte Sogn og Fjordane fylkeskommune ein studietur for ei italiensk studiegruppe som studerte universell utforming.

Temaet var: *Kulturminne, verdiskaping og tilgjenge*. Ein av studiedagane var via temaet: «*Universell utforming som konkurransefortrinn for reiselivet*» med m.a. musea som arena og deira fokus på universell utforming. Det vart arrangert «workshop» om temaet på DHS-Sogn Folkemuseum. Studiegruppa fekk også omvising i det nye bygget til Norsk Reiselivsmuseum.

### **Digital formidling**

Å ta i bruk digital informasjonsteknologien kan vere utfordrande med omsyn til formidling mot publikum som besøker musea, og brukarar av museumstilboda på internett. Mange museum er i startgropa når det gjeld digitale satsingar, og det er og situasjonen for Musea i Sogn og Fjordane. Alle musea har publisert forteljingar på Digitalt fortalt, basert på kjelder og materialar i samlingane. Som eit pedagogisk hjelpemiddel arbeider museumsavdelingane i MiSF i samarbeid med ABM - Sogn og Fjordane, med ein digital tidsakse som skulane og musea skal kunne bruke i samarbeid eller kvar for seg. Sunnfjord Museum har som mål å formidle meir av museet si samling og kompetanse digitalt. Med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane som prosjektleiar, vart det i 2014 også søkt om prosjekt-midla til å digitalisere, registrere og formidle fotosamlinga etter Førde-fotografen Olai Fauske.

Norsk kulturråd løyvde i 2013 midlar til MiSF for å starte opp eit treårig prosjekt om: *Digital reiselivshistorisk formidling*. Med prosjektet ønskjer ein å utvikle eit digitalt system for utstillings- og internettpresentasjon av reiselivshistorisk innhald ved bruk av semantisk teknologi. Prosjektet vert drive i nært samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og vil vere til stor nytte for arbeidet med utstillingar nettpresentasjonar ved Norsk Reiselivsmuseum.

Avdelingane i MiSF har lagt ut fleire tusen gjenstandar på Digitalt museum. Kunstmuseet legg ut samlinga på Digitalt museum etter kvart som den vert registrert og ein ikkje kjem i konflikt med spørsmål om opphavsrett. Musea nyttar eigne heimesider og nokre av musea brukar i tillegg Facebook, Instagram og Flickr som informasjonskanalar.

### Den Kulturelle Skulesekken

I den fylkeskommunale strategiplanen 2010-2014 for Den kulturelle skulesekken (DKS), er det eit uttrykt ønske om å samarbeide tettare med musea og diskutere moglegheiter for faste tilbod som kan rullere mellom dei ulike avdelingane. Slike samarbeidsprosjekt har vore prøvd og med godt resultat. Nordfjord Folkemuseum er med i det lokale utvalet utvalet for DKS Gloppen og har faste opplegg: «*Film i sekken*» og «*Båt i Gloppen*». I 2014 vart opplegget «*Mjølkestell og smør*» og tatt inn i programmet. Sogn og Fjordane Kunstmuseum samarbeider med DKS og viste utstillinga «*Konge utan krone*» med formidlar frå Nasjonalmuseet.

### Den Kulturelle Spaserstokken

Gjennom Den kulturelle spaserstokken, reiste formidlar frå NFM ut til alle eldreinstitusjonar i Bremanger. Dei har samarbeid med Hornindal kommune og planlegg institusjonsbesøk i 2015.

### Grunnlovsjubileet 1814

Musea i Sogn og Fjordane fekk tildelt 400.000 frå Kulturdepartementet til markering av Grunnlovsjubileet. Avdelingane har arbeidd med ulike tiltak, markeringar og utstillingar, tilpassa den enkelte regionen og tema som kvar enkelt museum har arbeidd med. Gjennomføring av markeringa rundt jubileet har vore ulike ute på avdelingane, men har stått fram som eit samla heile for MiSF. Fellesprosjektet har knytt avdelingane saman og utnytta dei ulike faggruppene sin kompetanse på tvers på ein konstruktiv og god måte;

- DHS-Sogn Folkemuseum: «*Det utrulege året, sett frå Sogn*»
- Sunnfjord Museum: «*Kle skapar folk! Drakt som nasjonal og lokal forteljar*»
- Nordfjord Folkemuseum: «*Kunnskap og demonkrati*»
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane: «*Fortellingar frå Kyst-Norge*»
- Norsk Kvernsteinsenter: «*Den historiske Kysten*» (I samarbeid med Gulatinget).
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum: «*Eidsvoldmonumentet*»

I tilknytning til utstillingane har enkelte avdelingar hatt eigne pedagogiske aktivitetar for skuleklassar. Det har vore stor publikumsoppslutning og gode tilbakemeldingar.

### Besøktal 2014

MiSF nyttar felles rapporteringsskjema for besøkande med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk kulturråd. Avdelingane rapporterer kvar månad til administrasjonen. Omlegging av registreringskriteria i 2012 var eit nødvendig grep fordi historisk hadde avdelingane ulike måtar å registrere publikum på. Det har m.a. ført til at besøkstala ved dei kulturhistoriske avdelingane er vesentleg lågare enn registreringane frå tidlegare år. Samanlikna med besøkstala for 2013 som hadde ein auke på 10% i høve 2012, har det i 2014 vore positiv auke i besøkstala ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Norsk Kvernsteinsenter, men samla viser registreringane ein liten nedgang på det samla besøkstala for 2014. Sogn og Fjordane Kunstmuseum har hatt nedgang i besøkstala for 2014, samanlikna med besøkstala i 2013. Også DHS - Sogn Folkemuseum har ein liten nedgang samanlikna med året før.

Besøk (sum alle gr.)	2009	2010	2011	2012	2013	2014
DHS - Sogn Folkemuseum	49 500	39 800	51 000	19 131	14 512	14 214
Kystmuseet i Sogn og Fj.	10 500	11 600	8 800	8 474	9 003	9 837
Nordfjord Folkemuseum	22 800	10 900	9 200	6 765	7 795	7 716
Sunnfjord Museum	15 100	15 100	13 000	8 959	9 679	9 123
Sogn og Fj. Kunstmuseum	21 900	21 700	20 100	19 994	18 476	16 695
Norsk Kvernsteinsenter					793	977
<b>SUM REGISTRERT</b>	<b>119 800</b>	<b>99 100</b>	<b>102 100</b>	<b>63 323</b>	<b>60 258</b>	<b>58 529</b>